



NOTAT

Sak:
Jostedalsskogen nasjonalpark - høyring av
besøksstrategi
Til:

Vår dato:
14.10.2021

Vår ref.:
2021/9234

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marthe Gjerde, 5764 3131

Kopi til:

Samandrag innkomne merknader

Notatet syner innkomne merknader og innspel til høyring av besøksstrategien for Jostedalsskogen nasjonalpark. Høyringsperioden var frå 17.06 til 01.09.21. Grunna ferieavvikling og moglegheiter for politisk handsaming har fleire kommunar bede om utsett høyringsfrist. Det er difor gjeve utsett frist til alle som har ynskt det, med siste frist til 01.10.21.

Det er kome inn 21 innspel og merknader. Desse er kort lista opp under og kommentert.

Samandrag av merknadane

Det er nokre punkt som går att i fleire av merknadane. Desse er kort samanfatta:

1. Betre informasjonsskilting om naturverdiar, aktsemd knytt til ferdsel og husdyr, og generell informasjon om ferdsel i natur.
2. Fysisk informasjonsmateriell bør ikkje vere av typen som lyt oppdaterast ofte. Digital informasjon er ynskt, gjerne i form av QR-kodar, dette er lettare å halde oppdatert.
3. Betre sanitære tilhøve, parkeringsmoglegheiter og informasjon ved fleire spesifiserte innfallsportar. Viktig å avklare kven som står som ansvarleg for drift og vedlikehald.
4. Betre tilgjenge for funksjonshemma, og viktig med tilrettelegging for barn og unge.
5. Ynskje om at Kattanakken vert tilrettelagt og fremja som innfallsport.
6. Meir fokus på skuldersongar og vintersesongaktivitetar er ynskjeleg.
7. Besøksstrategien bør fokusere meir på å nå fram til lokalt busette, ikkje berre tilreisande langvegsfrå.
8. Viktig å betre enkelte avkøyrslar og syte for god skilting i dialog med fleire aktørar for best og tryggast mogleg trafikkavvikling.
9. Framlegg om fleire nye innfallsportar

Nr	Avsendar	Innspel	Merknader frå forvaltarane
1	Loen Utviklingslag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Positive til tilrettelegging på Skålastien og planar for tilrettelegging på Tyva. 2. Positive til infopunkt i Loen, på Hoven og i Kjenndalen. 3. Stien Bødalsseter – Fessene: I takt med auka interesse for toppturar er trafikken til Lodalskåpa aukande. Stien opp mot Fessene er i svært dårleg stand. Ynskje om at utbetring av stien vert teke inn i tiltaksstrategien. 4. Kvitesteinshytta – Skåla: Ynskjer ei ny vandrerute frå Hoven til Skåla. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til orientering. 2. Tatt til orientering. 3. Bødalsseter er føreslått som frittstående startpunkt i besøksstrategien. Utbetring av eksisterande sti er ikkje nemnt som tiltak i besøksstrategien. Bør vurderast gjennomført som eige tiltak, og evt. prioriterast i tiltaksplanen for 2022. 4. Ei ny vandrerute som skissert er eit stort tiltak i eit elles urørt område. Tiltaket krev grundige utgreiingar og søknad om dispensasjon frå verneforskrifta. Bør ikkje inn i besøksstrategien i denne omgang.
2	Per Briksdal	Ynskjer om å ta fram og belyse historie og kulturminne i Briksdalen, som særtrar, løypestrengar, kvernhus og gamle stiar. Ynskje om å restaurere nokre av kulturminna og leggje til rette for oppleving av desse, med sti og utsiktspunkt.	Briksdalen er i besøksstrategien nemnt som ein av innfallsportane med trong for større tiltak. Kulturlandskapet i Briksdalen er nemnt i tabell 7 <i>Tiltak som skal gjennomførast midt i besøksstrategiperioden (2023-2024)</i> . Mogelegheit for tilrettelegging for oppleving av kulturminna i Briksdalen kan og nemnast i skildringa av innfallsporten (side 61-62).
3	Hilde Hogrenning Ravnestad	<p>Bødalsetra:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Betydeleg auke i sykklar, også el-sykkler. Stiane innover dalen lite eigna for sykkel. Ynskjer sykkelstativ ved parkeringa med oppmoding om å parkere/låse sykkelen sin der. 2. Trong for vedlikehald og renovering av stiar, bruer og klopper i Bødalen. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bødalen er i besøksstrategien nemnt som eit frittstående startpunkt, gjennomføring er planlagt i 2023-2024. Informasjonsskilt og utbetring av parkeringsplass er aktuelle tiltak. Sykkelstativ bør vurderast.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

		<ol style="list-style-type: none">3. Ynskjer betre tilrettelegging for funksjonshemma inn mot Bre-campen på Bødalsetra, slik at fleire kan oppleve nasjonalparken.4. Tilrettelegging i Bødalen kan vere med å ta vekk litt av trykket med vill-camping ved Lodalsvatnet.	<ol style="list-style-type: none">2. Tatt til orientering. Må vurderast som tiltak i tiltaksplanen for 2022.3. Tilrettelegging for funksjonshemma inn mot Bødalsetra vil krevje vesentlege tiltak. Bødalsetra er likevel ein av stadane der slik tilrettelegging inn i parken kan vere mogeleg.4. Tatt til orientering.
4	Stryn idrettsråd	<ol style="list-style-type: none">1. Nokre rettingar i teksten.2. Erdalen (3). Understrekar trongen for infrastruktur som parkering, informasjon og toalett ved Greidung. Må vere på plass til neste vår.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Erdalen er nemnt i kap 5.1.2. som <i>innfallsport med trong for større tiltak</i>. Nytt informasjonspunkt med parkering og toalettanlegg ved Greidung vert peika på som aktuelle tiltak. I tiltaksplan 5.2. er informasjonsskilt i Erdalen ved Loppeset er teke med som tiltak i 2021-2022, men toalett og parkering på Greidung er ikkje nemnt. Dette bør innarbeidast i planen for 2023-2024 (tabell 7).
5	Briksdalsbre Fjellstove AS	<p>Det er aukande interesse for Kattanakken i Briksdalen som turmål.</p> <ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer utbetringar og sikring av stien.2. Ynskjer at Kattanakken skal omtalast i besøksstrategien.3. Ynskjer å utvikle eit utsiktspunkt på sørsida av Briksdalselva, oppover svedjene i retning Kattanakken.	<ol style="list-style-type: none">1. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken vert vurdert.2. Stien til Kattanakken bør omtalast i besøksstrategien som ein del av innfallsporten Briksdalen.3. Ligg inne i besøksstrategien for gjennomføring i 2021-22, bør flyttast til perioden 2023-24.



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

6	Skålastilaget	<ol style="list-style-type: none">1. Truleg fleire besøkande enn tal frå ferdselsteljar viser.2. Stor slitasje på Skålastien. Etterslep på vedlikehald. Skålastilaget treng at Jostedalsbreen nasjonalpark tek ansvar for Skålastien og innfallsporten til Skåla også i framtida.3. Påpeikar problem med at beitedyr kan verte skremd av helikopter i samband med redningsoppdrag knytt til stien. Ber om at nasjonalparkforvaltninga er med og formidlar dette problemet vidare.4. Fosdøla er drikkevasskjelde. Dette må takast omsyn til ved alle tiltak langs stien.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Utbetring og eit større vedlikehaldsprosjekt på Skålastien bør vurderast lagt inn i tiltaksplan for 2022. Det skal parallellt arbeidast for å få autorisert Skålastien som nasjonal turiststi3. Tatt til orientering.4. Tatt til orientering.
7	Rune Myklebust	<ol style="list-style-type: none">1. Underleg at Kattanakken ikkje er nemnd i strategidokumentet.2. Briksdal/Briksdalsbreen det klart mest besøkte område inn mot og i nasjonalparken. Her finn ein Kattanakken som får stadig meir besøk. Etter massiv omtale i sosiale media vil nok besøkstala auke framover.3. Lokalt har vi i mange år etterlyst enkel sikring på nokre krevjande parti og rydding/opprusting av råsa.4. Råsa er somme stader prega av slitasje, dette har blitt betydeleg verre det siste året.5. Alle har same mål; å ta vare på og verne om dette ikoniske fjellet. Feil strategi for vern å tru at utan tiltak vil besøkstal og slitasje bli redusert. Sjølv utan tiltak vil besøkstal og slitasje auke.	<ol style="list-style-type: none">1. Stien til Kattanakken bør omtalast i besøksstrategien som ein del av innfallsporten Briksdalen.2. Tatt til orientering.3. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken vert vurdert.4. Tatt til orientering.5. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken bør vurderast gjennomført som del av tiltaksplan for 2022.6. Tatt til orientering. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken bør vurderast



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		6. Rett strategi for vern er å ha ei rås, med kontroll på vatnet, og av ein kvalitet som gjer at alle som går nyttar den. Det hastar særleg å ta tak i siste del opp mot Sauskorholten og opp på første nakken. Strakstiltak som absolutt skulle vore gjort før sesongen 2022.	gjennomført som del av tiltaksplan for 2022.
8	Fjærland næringssamskipnad	<ol style="list-style-type: none">1. Besøkssentra kan stå for kursing av t.d. dei som guidar i verneområdet. Dette for å sikre tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiar og vidareformidling til besøkande. Eit tiltak for å auka medvete om verneverdiane for dei som jobbar i og rundt nasjonalparken.2. Stiller spørsmål ved ei følgjande formulering: <i>«Jostedalsbreen nasjonalpark skal vere eit berekraftig reisemål. Tilretteleggingstiltak som reduserer klimaavtrykket frå dei besøkande skal prioriterast. Det bør satsast på aktivitetsturisme og enkelt friluftsliv som held turistane i området i lengre tid, framfor besøkande som berre er innom området som snarast og legg att lite hjå lokale næringsaktørar.»</i> Er dette meint som ein beskjed til reiselivet, om ikkje å satse på gruppereiser? Og korleis vil dette kommuniserast til turoperatørar som primært har reisande i buss, cruise, langdistanseflyturar, eller til dei verksemdene som har denne typen turistar og som skapar mange arbeidsplassar? Det er nettopp desse turistane mykje av reiselivet i området er tufta på.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering. Kursing av guidar, vertskap og andre lokale aktørar i regi av besøkssentra kan vere aktuelt for å auke kunnskapen om verneverdiar og auke formidlingskompetansen lokalt. Dette kan innarbeidast i punktet <i>Besøksentera</i> i kap. 4.5. Kanalar.2. Berekraftig reiseliv og det grønne skiftet er eit viktig premiss for Nasjonal reiselivsstrategi 2030, utarbeidd av Innovasjon Norge (april 2021). Norge har som mål å bli eit lågutsleppsfunn innan 2030 og redusere CO²-utsleppa med minst 50%. Gruppereiser er ikkje nødvendigvis uheldige for miljøet. Formuleringa kan gjerne endrast slik at dette kjem tydelegare fram. Jostedalsbreen nasjonalpark bør saman med destinasjonsselskapa vere aktiv for å påverke reiselivsaktørar i vårt område til å vere med på det grønne skiftet.



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<ol style="list-style-type: none">3. Noreg satsar hardt på elbil. Skal besøksstrategien bidra til satsing på lading i nærleiken av høgt besøkte utkikspunkt/innfallsportar?4. Innfallsport Supphellebreen: Ynskjer å leggje til rette med ny bru frå parkeringa og over mot eksisterande sti til Veitastrond., m.a. for å redusere ferdsel gjennom område med mykje beitedyr.5. Plan for digital informasjon i tillegg til skilting? Digital informasjon er meir miljøvenleg og lettare å oppdatere. Informasjon på faste skilt bør ikkje vere informasjon som må oppdaterast ofte.	<ol style="list-style-type: none">3. Kartlegging av ladeinfrastruktur bør vere ein del av vurderingane ved planlegging av større innfallsportar.4. Bru over elva kan evt. innarbeidast som eige punkt i tiltakslista. Krev grundig planlegging.5. Digital informasjon er omtala i kapittel 4 <i>Kommunikasjonsplan</i>. Plan for digital informasjon kan nemnast i tiltakslista i kommunikasjonsplan (Tabell 4).
9	Oldedalen utviklingslag	<ol style="list-style-type: none">1. Bygdefolket i Oldedalen har i over 100 år lagt til rette for turistane, turismen er ei viktig næring som gjer at Oldedalen framstår som ei levande og velstelt bygd. Oldedalen utviklingslag har mål og arbeidsområde som er samanfallande med føremålet til besøksstrategien. Ynskjer å vere i dialog med administrasjonen og styret i nasjonalparken i arbeidet vidare.2. Startpunkt Brenndalen (14): Undrande til at det ikkje skal vere «ope» bakover mot Brenndalsbreen. Det er mange som ønskjer ein «stille» tur, og med god informasjon om kvar ein kan gå, kan det; etter vårt syn ikkje stride mot verneforskrifta. Alternativet er at folk går «over alt» i området.3. Kattanakkstien må takast med i besøksstrategien! Dette er det mest besøkte fjellet i Oldedalen. Sosiale medium har gjort at denne stien er	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Innfallsporten Brenndalen kan tilretteleggjast på ulikt vis. Det er viktig å unngå å kanalisere folk inn i farlege område. Planlegging og utvikling av innfallsporten skal skje i tett dialog med grunneigarar og utviklingslag.3. Stien til Kattanakken bør omtalast i besøksstrategien som ein del av innfallsporten Briksdalen. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken bør vurderast gjennomført som del av tiltaksplan for 2022.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

		oppdaga av mange. Talet turgåarar til Kattanakkstien vert ikkje redusert sjølv om turen ikkje er omtala i besøksstrategien. Oldedalen utviklingslag meiner at det er viktig med god skilting/informasjon og sikring/utbetring/betre merking av stien på nokre stader.	
10	Indre Nordfjord Turlag	<ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer at rutene inn mot Erdalsbreen og Vetledalsbreen skal verte meir tilgjengelege med litt sikring/skilting/oppgradering. INT kan ta seg av arbeidet, men ynskjer løyve frå nasjonalparkstyret.2. Ynskjer å merke ei ny rute til toppen av Strynekåpa.3. Var med på synfaringar i samband med oppstart av skjøtelsplanarbeid for Bødalen, Erdalen og Sunndalen. Har mange konkrete forslag til tiltak som rydding og skilting m.v. som vil forbetre innfallsportane i området desse dalane.4. Ynskjer skilting ved avkøyrsla frå Rv 15 til Sunndalen. Den historiske vandreruta over Kamperhamrane i rutenettet til DNT opna i 2015. Innfallsporten i Sunndalen burde ha vore meir brukt.5. Er i dialog med ein grunneigar om mogeleg leigeavtale om (sjølvbetjeningshytte) på Sunndalssetra. Om det vert aktuelt vil Nasjonalparkstyret verte kontakta.6. Stien mot Lodalskåpa er mykje nytta av private/turlag og guida turar av kommersielle aktørar, og har stadvis stor slitasje. Særleg frå foten av Fessene og opp er trongen for stiutbetring stort. INT har før nasjonalparken vart	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering. Må vurderast i eigen søknad.2. Tatt til orientering. Må vurderast i eigen søknad. Krev vurdering av sårbarheit.3. Tatt til orientering. Nasjonalparkforvaltninga tek desse innspela med seg vidare i arbeidet med skjøtelsplanar og som innspel til tiltaksplan for 2022. Fleire av tiltaka som er nemnt krev dispensasjon frå verneforskrifta og må vurderast i eigen søknad.4. Ved auka bruk av avkøyrsla frå Rv 15 mot Sunndalen kan det bli naudsynt med utbetringar, i følgje Statens vegvesen.5. Tatt til orientering.6. Utbetring av eksisterande sti vert ikkje nemnt som tiltak i besøksstrategien. Bør vurderast gjennomført som eige tiltak, og evt. prioriterast i tiltaksplanen for 2022.7. Tatt til orientering. Må vurderast som eiga sak.



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<p>oppretta etablert merka sti med INT-symbol – bør oppgraderast og merkjast i tråd med merkehandboka sine reglar.</p> <ol style="list-style-type: none">7. INT ynskjer å rydde og merke opp att ruta mot Tindefjellsbreen, men ikkje heilt ned til stien som går til Bødalssetra.8. INT ynskjer å lage ei ny merka rute frå Bødalssetra opp mot Bødalsfjellet og over til Kjenndalen og Tjuvskåra. Krev ein del arbeid på begge sider.9. Ynskjer å leggje til rette ei rute frå Nesdal til Ruteflotsetra og vidare mot Nordfjordvarden.10. INT får tilbakemeldingar om at det trengs betre merking på stien mot Kattanakken. Det er og ynskje om betre sikring fleire stader.11. INT nemner og fylgjande stiar dei nyttar som innfallsportar til Jostedalsbreen nasjonalpark:<ul style="list-style-type: none">- Kvamme – Flatsteinbu- Hogrenningssetra mot Skåla- Avleinsfjellet/evt. via Murinibba mot Meleinsnibba- Mot Storlogspiken/Ceciliekruna frå Innvikdalen (Prestestøylen)- Over Oldeskaret mot Høyset i Stardalen	<ol style="list-style-type: none">8. Tatt til orientering. Må vurderast som eiga sak.9. Tatt til orientering. Må vurderast som eiga sak.10. Sikring og utbetring av nokre parti på stien til Kattanakken bør vurderast gjennomført som del av tiltaksplan for 2022.11. Tatt til orientering.
11	Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE	Ingen konkrete innspel. Oppmodar om å ta kontakt med Kjøsnesfjorden kraftverk for å høyre om dei har innspel til besøksstrategien.	Tatt til orientering.
12	Statsforvaltaren i Vestland	<ol style="list-style-type: none">1. Naudsynt å ha eit særleg fokus på landskapsformer som er bygd opp av lausmassar, då eit brelandskap heile tida er i endring. Nyetablert vegetasjon etter som breen trekkjer seg tilbake er særleg sårbar for trakk og slitasje.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering.3. a) Det er lagt inn eit startpunkt ved den gamle skulen i Sanddalen, nær



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<ol style="list-style-type: none">2. Ein besøksstrategi omhandlar ikkje berre turistar. Besøksstrategien bør ha noko større fokus på å nå fram til lokalt busette enn det høyringsutkastet har.3. Føreslår følgjande startpunkt/informasjonspunkt:<ol style="list-style-type: none">a) Fossheim i Myklebustdalen (Gloppen)b) Anestølen i Sogndalc) Haugen i Krundalen (Luster)	<p>Fossheim. Bør velje eit av desse i samråd med lokale aktørar.</p> <p>b) Det bør vurderast om det kan etablerast eit startpunkt ved Anestølen, som det einaste i Sogndalsdalen.</p> <p>c) Det bør vurderast om det skal etablerast eit startpunkt ved Haugen i Krundalen. Dette bør planleggjast saman med føreslegne informasjonspunkt på Bergset og Gjerde.</p>
13	Vestland Bondelag	<ol style="list-style-type: none">1. Det bør kome tydeleg fram informasjon om bandtvang på alle innfallsportar til nasjonalparken.2. Det bør leggjast til rette med toalettfasilitetar der det er størst trafikk, samt informere om sporlaus ferdsel.3. Langs stien til Skåla er det byrja å bli mykje toalettpapir langs stien midtvegs. Her bør det kome toalettfasilitetar.4. Betre informasjon på innfallsportar og på SoMe-kanalar kan vere ein god måte å sikre tryggare ferdsel og spreie ferdsel til tider med færre besøkande.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering.3. Tatt til orientering. Bør vurderast som ein del av tilrettelegginga langs Skålastien.4. Tatt til orientering. Digital informasjon er omtala i kapittel 4 Kommunikasjonsplan. Plan for digital informasjon kan nemnast i tiltakslista (Tabell 4).
14	Fjærland Bygdalag	<ol style="list-style-type: none">1. Samd i framlegget om å kanalisere meir av besøket inn mot område som toler meir trafikk, t.d. Bøyabreen. Og dermed flytte press bort frå meir sårbare innfallsportar.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Sogndal kommune arbeider med reguleringsplan for området ved



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<ol style="list-style-type: none">2. Viktig å betre avkøyringa frå Rv5 til Bøyabreen. Syte for godt vedlikehalden veg, parkeringsplassar og toalettløysing.3. Positivt at det er føreslått tilrettelegging ved Supphellebreen for å hindre at folk går for nær breporten.4. Reknar med at planlegging og gjennomføring av skisserte tiltak vil skje i tett dialog med grunneigarar og lokale næringsinteresser.	<p>Bøyabreen. Bøyabreen er i besøksstrategien føreslått for tilrettelegging som utsiktspunkt, men høg grad av tilrettelegging.</p> <ol style="list-style-type: none">3. Tatt til orientering.4. Tatt til orientering.
15	Laila Gjerde og Einar Blikra	<ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer å fremje stien opp til Haugafjellstølen i Jostedalen som innfallspurt til nasjonalparken. Startpunkt for ein av dei viktigaste stiane opp og inn på sjølve Jostedalsbreplataet. Det er tilrettelagt god parkeringsplass ved stistart og utedo på stølen som er ope for ålmenta. Stien har trong for utbetring.	<ol style="list-style-type: none">1. Det bør vurderast om det skal etablerast eit startpunkt ved Haugen i Krundalen. Dette bør planleggjast saman med føreslegne informasjonspunkt på Bergset og Gjerde.
16	Erlend Myklebust	<ol style="list-style-type: none">1. Det er viktig å leggje til rette for barn og barnefamiliar i nasjonalparken.2. Ynskjer betre tilgjenge for rørslehemma.3. Ynskjer moglegheit for tekniske tiltak utanfor nasjonalparken, i randsona, for å unngå belastning av sårbar natur innanfor verneområdet. Føreslår difor at følgjande formulering vert teke inn i Besøksstrategien: <i>Ein kan sjå positivt på einskilde tekniske tiltak i randsona utanfor nasjonalparken som rustar turistnæringa for framtida ved å gje tilgjenge for alle til å oppleve ein isbre i endring. Tiltaka må i sin heilskap føre til liten belastning på sårbar natur i og ved nasjonalparken, mellom anna ved å kanalisere</i>	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering.3. Nasjonalparkstyret har inga juridisk myndigheit utanfor vernegrensa, men kan bidra til gjennomføring av tiltak i randsona. Innhaldet i føreslått setning er allereie godt dekkja i kapittel 3.2. <i>Strategiske grep.</i>



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyret**

		<i>turistane til mindre sårbare stadar. Det er ynskjeleg at tiltaka knytast til eksisterande infrastruktur for å sikre vidare drift og vedlikehald av desse, samt å unngå nye store byggetiltak.</i>	
17	Statens vegvesen	<ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer deltaking i vidare arbeid med etablering av informasjonspunkt og nøyaktig plassering av desse for å finne den beste trafikale løysinga.2. Dersom det er grunn til å tru at eit konkret tiltak vil føre til endra bruk av ei avkøyrsløse enn det er i dag, skal det søkjast om etter veglova.3. Oppmodar om at trafikale tilhøve vert teke med i dei strategiske vurderingane ved val av tiltak.4. Positive til omtala dialog kring vegskilting, og har vore i dialog med Miljødirektoratet om rettleiar for skilting til verneområde.5. Omtalar konkrete innfallsportar/avkøyrsløser der SVV har særskilte interesser og der dei ynskjer samarbeid for å finne ei løysing:<ol style="list-style-type: none">a) Sunndalen, Oppstryn: Ved auka bruk kan her bli naudsynt med utbetringar.b) Lundeskaret, Kjosnesfjorden: Ynskjer ikkje auka bruk/tiltak etter besøksstrategien før trafikale utbetringar er gjennomført.c) Bøyabreen, Fjærland: Ynskjer ikkje auka bruk/tiltak som genererer meir trafikk før trafikktryggleik er betra.6. Ynskjer å bli sett opp som aktør også for tiltaka i Stryn, på Skei, og i Sogndal, i tillegg til Byrkjelo og Gaularfjellet.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering.3. Tatt til orientering. Omsyn til trafikale tilhøve kan eventuelt innarbeidast i kap 3.2., som eit eige punkt eller som del av eit anna punkt, t.d. punktet <i>Tettare samarbeid med lokalsamfunn, kommunar og reiseliv.</i>4. Tatt til orientering5. <ol style="list-style-type: none">a) Tatt til orientering.b) Tatt til orientering. Nytt startpunkt med informasjonsskilt og gangbru over elva er i tiltaksplanen, med gjennomføring 2023-24.c) Tatt til orientering. Sogndal kommune har starta planarbeid.6. Tatt til orientering. Dette vert innarbeidd i besøksstrategien.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

18	Villreinnemnda for Sogn og Fjordane	<ol style="list-style-type: none">1. Syner til revidering av forvaltningsplanen som på går parallelt med arbeidet med besøksforvaltning og ynskjer å bli involvert i denne.2. Etterlyser at planen peikar på nokon område der det skal vere lite eller inga tilrettelegging.3. Besøksforvaltninga må vere budd på å gå bort frå ynskta tiltak dersom ein finn at ferdsel påverkar naturverdiar negativt.4. Viktig med kunnskap om sårbare naturverdiar utanfor vernegrensa sidan mange av innfallsportane, og med det tiltakspunkta, ligg utanfor verneområdet.5. Ynskjer informasjon om villrein ved aktuelle innfallsportar som fører til turar inn i villreinområde, og korleis ein kan ta omsyn.6. Omtalar konkrete innfallsportar som ligg til villreinnemnda for Sogn og Fjordane, villreinområda Svartebotnen og Sunnfjord:<ol style="list-style-type: none">a) Utvikjellet: Viktig å unngå forstyrning av vår- og sommararbeite for simler med kalv, samt bukk om sommaren.b) Byrkjelo: Viktig med informasjon om villreinen i Svartebotnen.c) Sanddalen: Særs sårbare område mot Svartebotnen. Ynskjer ikkje auke i besøk, og eventuell informasjon lyt inkludere villrein.d) Dvergsdalsstøylen: Ynskjer at forvaltninga dempar besøkstrykket, ynskjer ikkje auke her. Villreinnemnda erfarer at auke i skituristar allereie fortrenger villreinen delar av vinteren.	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering. Under arbeid som har gått føre seg over fleire år har potensielle innfallsportar og område som kunne blitt peika på vorte tekne ut av vidare prosess grunna nettopp kunnskap om sårbare område. Desse er ikkje vidare omtala nettopp på grunn av at det ikkje er ynskjeleg med meir besøk ved desse stadene.3. Tatt til orientering.4. Tatt til orientering. Nasjonalparkforvaltninga søker årlege midlar for kartlegging. Det er viktig med tett samarbeid med grunneigarar, kommune og andre naturlege samarbeidspartnarar for best mogleg kunnskapsgrunnlag.5. Tatt til orientering. Lagt inn i punkt 2.1.3. Dyreliv.6. <ol style="list-style-type: none">a) Tatt til orientering.b) Tatt til orientering.c) Tatt til orientering. Kunnskapsgrunnlaget må betrast før evt. tilrettelegging av innfallsport.d) Tatt til orientering. Det er i planperioden berre lagt opp til nye informasjonsskilt på denne innfallsporten. Samarbeid om
----	-------------------------------------	--	--



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<p>Mellom anna kalvingsområde i dalane over Dvergdsstøyle. Særleg viktig å informere om villrein her.</p> <p>e) Det må vere informasjon om Sunnfjord villreinområde på informasjonspunkta Skei, Kjosnesfjorden og Lundaskaret</p> <p>7. Ynskjer å tilby informasjonsmateriell for oppmontering ved startpunkt til turar inn i villreinområda.</p>	<p>god og målretta informasjon om villreinen i området kan vere med å redusere presset på villreinen i området.</p> <p>e) Tatt til orientering.</p> <p>7. Tatt til orientering. Nasjonalparkstyret ser positivt på samarbeid om styrking av kunnskapsgrunnlaget og formidling til besøkande. Må innarbeidast i skiltmalar og liknande.</p>
19	Sunnfjord kommune og Sunnfjord Utvikling	<p>Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av besøksstrategien for Jostedalsbreen nasjonalpark vert innarbeidd i strategien.</p> <ol style="list-style-type: none">1. Ser besøksstrategien som viktig føring i arbeidet med reiseliv og friluftsliv.2. Bør kartleggje vinteraktivitetar betre for å leggje til rette for heilårsturisme som tiltak for å både redusere slitasje på naturen samstundes som det kan auke lokal verdiskaping.3. Ynskjer at tilrettelagt informasjon for digitale plattformer og QR-kodar bør framskundast. Informasjon på fysiske flater bør innehalde informasjon som ikkje treng å oppdaterast så ofte.4. Ynskjer at nasjonalparkforvaltninga utarbeider informasjonsmateriale som kan nyttast av reiselivet.5. Ynskjer fleire innfallsportar i kommunen, og kjem med framlegg om følgjande nye innfallsportar:	<ol style="list-style-type: none">1. Tatt til orientering.2. Tatt til orientering. Nasjonalparkforvaltninga bør vurdere om betre kartlegging av besøkande gjennom heile året kan vere tenleg i besøksforvaltninga.3. Tatt til orientering.4. Tatt til orientering. Når besøksstrategi er endeleg vedteken er det høve for nasjonalparkforvaltninga å utarbeide informasjonsmateriell under merkevara Norges nasjonalparker.5. a) Kjosnesfjorden ligg inne som informasjonspunkt på tiltakslista. Det bør vurderast om det skal endrast til eit utkikkspunkt.



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

	<ul style="list-style-type: none">a) Kjosnesfjordbrua: oppfyller truleg krava for å vere utkikkspunkt.b) Førde: føreslått som informasjonspunkt.c) Stardalen: føreslått som informasjonspunkt.d) Fossheimsdalen og Haukedalen: føreslått som startpunkt. Fossheimsdalen har høgt tal brukarar, og er allereie tilrettelagt med parkering og skilting til ulike turmål. Det går ei tidlegare nytta ferdselsrute frå Lundeskaret til Haukedalen. <ul style="list-style-type: none">6. Tiltak ved Haugadalen og Befringstøylen bør påbyrjast i fyrste tiltaksperiode (2021-2022).7. Lundaskaret: Det er pågåande dialog mellom Statens vegvesen og kommunen om reguleringsplan for området, denne er ikkje lagt på høyring endå.8. Fonn: Her manglar informasjon om at parkeringstiltak allereie er påbyrja av grunneigar som bør leggjast inn i tiltaksplanen.9. Om mål og strategiske grep: Mål for reiselivet og lokalsamfunnet i kapittel 3.1 bør samsvare og ikkje skiljast mellom. Dei overordna målsetjingane må vere felles for å få til ei tenleg utvikling for alle partar.10. Drift og vedlikehald: Ei stor utfordring, bør løftast opp og synleggjerast.11. Føreslår at vertskap vert lagt inn som ein viktig kommunikasjonskanal i kapittel 4.5. Det bør arbeidast med målretta tiltak som gjer at reiselivsnæringa og lokalmiljø har eigarskap til nasjonalparken og vertskapsrolla.	<ul style="list-style-type: none">b) Eit felles informasjonspunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark og Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde kan vere aktuelt i Førde. Bør setjast opp i handlingsplanen til besøksstrategien for gjennomføring i år 2025-27.c) Det er lagt inn tre startpunkt i Stardalen-området: Haugadalen, Fonn og Befringstøylen. Det bør vurderast å etablere eit informasjonspunkt sentralt i Stardalen, ved sommarkaféen.d) Fossheimsdalen og Haukedalen: Bør vurderast om det skal etablerast startpunkt. Det bør gjennomførast ei vurdering av sårbarheit for ferdsel både sommar og vinter før etablering av startpunkt. <ul style="list-style-type: none">6. Rekkefølga av tiltaka kan vurderast.7. Tatt til orientering.8. Tatt til orientering. Informasjon om påbyrja parkeringstiltak kan leggjast inn i tiltaksplanen.9. Nasjonalparkforvaltninga er einig i at overordna målsetjingar bør samsvare, og nemnar samarbeid mellom partane i kapittel 3.2.
--	---	---



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		12. Positivt at skilting frå hovudvegar vert prioritert.	Oppsettet er basert på rettleiar frå Miljødirektoratet, der det står følgjande: « <i>Det bør utformes mål for verneverdiene, for den besøkende og for reiselivet (om mulig)</i> ». 10. Tatt til orientering. 11. Tatt til orientering. Vertskapa kan anten takast med som eit eige punkt i kap 4.5. eller nemnast under punktet <i>Destinasjonsselskapa sine kanalar</i> som då kan endrast til <i>Reiselivsnæringa</i> . 12. Tatt til orientering.
20	Luster kommune	<ol style="list-style-type: none">1. Ynskjer å løfte fram Veitastrond og Tungestølen som startpunkt for alle aldersgrupper.2. Ynskjer informasjon om naturkvalitetar i Leirdalen og om turmoglegheiter, som også er mykje nytta i vinter/vårski-sesongen i tillegg til breføring/padling om sommaren. Fremjar Tunsbergdalsdammen som startpunkt framfor informasjonspunkt.3. Historisk viktige ferdselsrutar som kryssar breen bør haldast ved like og utviklast/sikrast.4. Stien frå Bergset opp til Steinmannen bør oppgraderast.5. Ynskjer å fremje Breheimsenteret og meir samarbeid mellom forvaltninga og besøksenteret.	<ol style="list-style-type: none">1. Det er lagt inn eit informasjonspunkt ved Tungestølen og Vårstølen. Det kan vurderast om Tungestølen bør vere startpunkt.2. Tatt til orientering. Kan vurderast om Leirdalen bør vere startpunkt.3. Tatt til orientering. Informasjon om historisk bruk av breen som ferdselsåre er planlagt lagt til besøksretta nettside, jf. oversikt over temalag i kapittel 4.5. I tillegg syner besøksentera fram historisk bruk av breen og områda ikring.4. Må vurderast som eiga sak. Lagt inn i tiltakslista5. Tatt til orientering.



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre**

		<ol style="list-style-type: none">6. Etterspør digitale løysingar og informasjonsskilt om verneverdiane.7. Parkeringa ved Nigardsbreen er eit naturleg utkikkspunkt, og godt opparbeida fasilitetar finst der. For dei besøkande er skiljet mellom dei ulike verneområda lita, jamvel om kommunen er forvaltningsmynde for naturreservatet.8. Ynskjer ein oppdatert sti inn Fåbergstølsgrandane mot Lodalsbreen og Stegaholtbreen. Ynskjer informasjon om naturverdiane på Fåbergstølsgrandane til ålmenta.9. Oppmodar om samarbeid for å samordne mellom dei ulike verneområda, og kommunen. Til dømes samordning av informasjon om Viva-Døsen, Breheimen og Jostedalsbreen.10. Oppmodar om å leggje til rette for lokale og regionalt besøkande i tillegg til langtreisande turistar.	<ol style="list-style-type: none">6. Tatt til orientering. Digital informasjon er omtala i kapittel 4 Kommunikasjonsplan. Når utarbeiding av informasjonsmaterieill kan ta til kan forvaltninga inkludere digital informasjon der dette er naturleg og mogleg.7. Tatt til orientering.8. Fåbergstølsgrandane er den største aktive sanduren i Norge, og er ein unik naturtype som er svært viktig å ta vare på for ettertida. I gjeldande forvaltningsplan er Fåbergstølsgrandane som einaste delområde plassert i spesiell vernesone. Tilrettelegging av sti er difor ikkje aktuelt. Informasjon om naturverdiane på Fåbergstølsgrandane bør tilretteleggjast for ålmenta.9. Tatt til orientering.10. Tatt til orientering.
21	Sogndal kommune	Stettar opp om framlegget til besøksstrategi.	Tatt til orientering.